

forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune

Dato: 28.03.2013

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **Spelemidlane 2014 – prioritering og kommentarar frå FNF**

Me viser til møte i anleggsrådet i Møre og Romsdal Idrettskrets 24.03.2014 sak 3/2014 om prioritering av årets spelemiddelsøknader.


Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Møre og Romsdal vil i det følgjande gjere greie for kva me meiner om årets søknader om spelemidlar knytt til friluftslivsanlegg. Men før det ønskjer vi å meine noko om sjølve prosessen ved tildeling av spelemidlar.

### **Generelt**

Jfr kap 9 i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2013 står det; «Det er et krav at aktuelle og gjeldende lover og forskrifter m.v. følges. « og «Søker har selv ansvaret for å sørge for at aktuell og gjeldende lovgivning blir hensyntatt i forbindelse med søknad om og tildeling av spillemidler.» Vidare er det i kap 9 nemnd lover og forskrifter som kan vere aktuelle å vurdere. Blant desse lovene og forskriftene er ikkje naturmangfaldlova nemnd.

Samstundes er det slik at kommunedelplanene for idrett og fysisk aktivitet med si handlingsplan «klarar» kvar einskild søknad sin tilskotsrett. Men vi er ikkje kjent med at kommunane med sine kommunedelplanar for idrett og fysisk aktivitet gjer nokon vurdering etter naturmangfaldlova då denne typen kommunedelplan er berre ei tematisk plan utan arealknytning og juridisk bindande kraft i høve til plan- og bygningslov. Det betyr fort at større idrettsanlegg gjerne blir høyrte offentleg ved reguleringsplanar medan mindre anlegg blir forbigått i stillheit utan offentleg høyring og vurdering av passende lovverk. Det burde vore eit krav om vurdering etter plan- og bygningslova av tiltak før søknad eller tildeling av spelemidlar uansett tiltaksform eller storleik !

Naturmangfaldlova seier ved § 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12): «Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

*myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.»*

Slik vi les dette har søkjar plikt til å leggje fram dokumentasjon. Søkjar skal i prinsippet prove at det han vil gjere ikkje er til skade/kan akseptast. Men det er dei som gir tilskot på det offentlege sine vegne som skal vurdere dokumentasjonen, om søknaden er tilstrekkeleg (= kunnskapsgrunnlaget) og kva han seier om realitetane i høve til §§ 8-12 i naturmangfaldlova. FNF Møre og Romsdal saknar ei vurdering etter naturmangfaldlova av forvaltningsorganet fylkeskommunen/kulturdept. knytt til spelemiddelsøknadene. Med heimel i Miljøinformasjonslova ønskjer vi ei tilbakemelding frå fylkeskommunen om de har etablert rutinar i høve til vurdering etter naturmangfaldlova og kva det er for noko, slik at de har full kontroll på dette når de gjer vedtak.


### **Søknadsåret 2014**

Grunnlaget for vår vurdering av årets søknader er møteprotokoll frå møte i anleggsrådet 11.02.2014 og 23.03.2011 og framlagte lister frå fylkeskommunen på desse møta.


Slik me les stoda pr dato er det 225 godkjente søknader om spelemidler for 2014 med godkjent kostnad i overkant av 1,4 milliarder og søknadssum på om lag 270 millioner kroner.

Av desse godkjente 225 stk anlegg i 2014 var det 24 stk søknader om friluftslivsanlegg noko som utgjorde rundt 10,67 % av tal søknader. Av dei 24 godkjente anlegga er alle tursti/turløype unntake 2 anlegg (bålhus/gapahuk dvs turmål ved tursti). Total godkjent søknadssum er 6 922 000 og godkjent søknadssum er 17 253 598 (etter korrigerering av tursti Selsetervatnet). Det betyr at 24 godkjente friluftslivsanlegg utgjør 2,59 % av den totale godkjente søknadssummen for alle idrettsanlegg i fylket. Med andre ord utgjør friluftslivsanlegg dei «billige» aktivitetsanlegga.


FNF Møre og Romsdal er glad for den prioriteringa som ligg i handlingsplana for Fysisk aktivitet i Møre og Romsdal 2013 – 2016 knytt til satsinga på idrettsanlegg i Møre og Romsdal skal utviklast på ein slik måte at den tilfredsstiller framtidens behov i forhold til også den eigenorganiserte aktiviteten for innbyggjarane i fylket. Og me er ekstra glad denne prioriteringa har ein fokus spesielt på friluftsliv ved at fylkespolitikarane har auka tilskotssatsen frå tidlegare 12 % til 20 % av spelemidlane kvart år gå til friluftsliv. Samstundes vil me gjere kultur- og folkehelseutvalet merksam på missforholdet mellom tildeling av spelemidler (sjå figur 1 under) og kva aktivitetar det norske folk preferer (sjå figur 2 under).




forum for  
**n**atur og **f**riluftsliv  
 Møre og Romsdal



Figur 1 : Fordeling av utdelte midlar til 4164 idrettsanlegg i Møre og Romsdal til og med 2012 (frå anleggsregisteret til Kulturdepartementet)



Figur 2 : Del av den vaksne befolkning som brukte ulike anleggstyper ein gong pr. veke eller oftare 1999-2009 (Breivik et al. 2011).



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

FNF vil vidare peike på konklusjonen i studiet til professor Gunnar Breivik ved Idrettshøgskulen knytt til evaluering av spelemidlar og anleggsutvikling:

**«Konklusjon frå Breivik et al 2011 (Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet):**

*Spillemiddelordningen støtter opp en anleggsfordeling som i liten grad fanger opp bredden i befolkningen. Fotballanlegg og idrettshaller, som er finansiert med en stor andel av spillemidlene, aktiviserer mange barn og unge. En fortsatt bruk av en stor andel av anleggspotten til finansiering og spredning av fotballanlegg og idrettshaller vil neppe føre til flere aktive og økt fysisk aktivitet i befolkningen.*

- *Anleggstyper som turstier, lysløyper, private helsestudio, og vekt- og styrkerom, aktiviserer den økende andelen aktive eldre i befolkningen. Dette er anleggstyper hvor det er brukt en liten andel spillemidler. En større del av spillemidlene bør brukes til å finansiere spredning av anleggstyper som samsvarer med aktivitetsprofiler for den eldre delen av befolkningen. Turstier, lysløyper, og vekt- og styrkerom, er anleggstyper som når store brukergrupper og har en bred sosial profil.*
- *Kvinner og menn bruker ulike anleggstyper. Det generelle mønsteret er at de tradisjonelle konkurranseidrettsanleggene brukes av et flertall menn. Det bør utarbeides et bedre system for fordeling av spillemidler slik at det blir en jevnere fordeling av spillemidler til jenter/kvinner og gutter/menn. Det bør vurderes å fordele spillemidler slik at kvinner får tilgang til like mange anleggstyper som menn, og ikke bare de samme anlegg som i dag.*
- *Det at svømmebasseng brukes hyppigere av "bredden" i befolkningen, dvs. en stor gruppe av folk med lav inntekt og utdanning, gjør at denne anleggstypen bør prioriteres med tanke på å utjevne sosial ulikhet.»*

Slik me ser det kan me ikkje fortsette å prioritere spelemidlane i vårt fylke slik me har gjort dei siste åra når ein ser korleis vårt aktivitetsmønsteret har endra seg og vurderer dette opp mot kost-nytte vurderingar i høve til folkehelse.

### **Konklusjon**

Med heimel i Miljøinformasjonslova ønskjer vi ei tilbakemelding frå fylkeskommunen om de har etablert rutinar i høve til vurdering etter naturmangfaldlova knytt til tildeling av spelemidlane og kva det er for noko.

Vi ser at i år vil ein høgst sannsynleg få tildelt så mykje spelemidlar til fylket vårt at ein ikkje når «taket» på 20 % til friluftslivsanlegg. Om så ikkje skulle skje, vil vi meine at ein bør ta inn over seg nyare forskning (som frå idrettshøgskulen) og prioritere friluftslivsanlegg slik at ein stig over 20 % grensa og tildeler alle søknader i 2014 innan friluftslivsanlegg i vårt fylke midlar.

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal